



Arkivnr: 2019/646-2  
Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		06.02.2019
Fylkesutvalet		20.02.2019

## Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune

### Samandrag

Øygarden kommune har søkt om omklassifisering av Fv225, Fv226 og Fv227 til kommunal veg. Søknaden byggjer på eit vedtak i formannskapet i Øygarden kommune gjort 9. mai 2018. Statens vegvesen har bedt om ei avklaring om det skal startast arbeid med ei sak om omklassifisering. Fylkesrådmannen meiner avklaringa er prinsipiell og må gjerast av fylkesutvalet.

Det er ikkje vanleg at saker om omklassifisering vert starta opp etter kommunale initiativ. Kommunen si grunngjeving for søknaden er mellom anna at dei har kosta fleire utbetringar på vegstrekingane gjennom åra, og at vegane ligg i viktige utviklingsområde. Dei aktuelle fylkesvegane er kategorisert som *øvrig fylkesveg*, og koplar bustad- og mindre tettstadsområde og grønder til kvarandre og til hovudvegen (Fv561).

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen bør ha hand om vegnett av regional betydning som ikkje inngår i riksvegnettet. Når ein fylkesveg ikkje innehar ein slik funksjon, bør ein kunne starta opp arbeid med sak om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg etter kommunalt initiativ, med mindre særskilte tilhøve tilseier anna. Fylkesrådmannen er positiv til at det vert starta opp arbeid med ei slik sak, med sikte på overføring av eigarskapet av Fv225, Fv226 og Fv227 til Øygarden kommune.

**Økonomi:** Vedtak i saka har ingen økonomiske konsekvensar. Ved eit framtidig vedtak om omklassifisering vil endringar i meter fylkesveg truleg medføra redusert rammetilskot til fylkeskommunen, men også reduserte drifts- og vedlikehaldskostnader. Fylkeskommunen vil måtte dekkja påkravde utbetringar av veg før overlevering til kommunen.

**Klima:** Vedtak i saka har ingen innverknad på klimaet. Det same gjeld for ei eventuell omklassifisering til kommunal veg.

**Folkehelse:** Vedtak i saka har ingen innverknad på folkehelsa. Det same gjeld for ei eventuell omklassifisering til kommunal veg.

**Regional planstrategi:** Det er ingen direkte samanheng mellom saka og mål og strategiar i Regional planstrategi 2016-2020.

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune
- 2 Vurdering av overtaking av fylkesveg 225, 226 og 227 - sakspapir og vedtak

## Fylkesrådmannen, 22.01.2019

### Bakgrunn

I brev dagsett 6. juli 2018 søker Øygarden kommune om at tre fylkesvegstrækningar vert omklassifisert til kommunal veg. Desse vegstrækningane er:

- Toftøy: Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
- Rong: Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
- Blomvåg: Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Søknaden vart sendt til Statens vegvesen, og vidareformidla til Hordaland fylkeskommune 29. oktober. Søknaden byggjer på eit vedtak i formannskapet i Øygarden kommune gjort 9. mai same år (i sak 035/18), som lyder slik:

*«Formannskapet har som mål å overta fylkesvegane 225, 226 og 227 frå 1.1.2019. Rådmannen får i oppdrag å starte arbeidet med mål om å komme fram til ein avtale med Hordaland fylkeskommune/Statens vegvesen.»*

Statens vegvesen ønskjer ei vurdering frå fylkeskommunen om det er ønskjeleg å gå vidare med ei omklassifiseringssak for dei aktuelle vegstrækningane. Fylkesrådmannen meiner denne avklaringa må gjerast av fylkesutvalet som vegstyresmakt, då saka vert vurdert som av prinsipiell karakter.

### Om omklassifisering

Etter veglova §7, 2. ledd, er det fylkeskommunen som, etter uttale frå kommunen, gjer vedtak om omklassifisering til kommunal veg. Omklassifiseringssaker heng ofte saman med bygging av nye vegtrasear / vegomlegging, der gamlevegar mister sin opphavlege funksjon. Omklassifiseringa kan her vera forankra i reguleringsplan. Uavhengig av ny vegbygging kan gjennomgang av funksjonen til ein fylkesveg danna grunnlaget for ei omklassifiseringssak. At omklassifisering av fylkesveg vert gjennomført på grunnlag av ønske frå ein kommune er ikkje vanleg.

Gjennom rammetilskotet får fylkeskommunen midlar etter kilometer fylkesveg, men kommunane har ikkje ei tilsvarande ordning. Omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg medfører difor ei rein ekstrautgift for kommunane. Dette gir kommunane dårlege insentiv for å overta fylkeskommunal veg, særleg om dei ikkje får ny fylkesveg med høgare standard «i byte». For fylkeskommunen medfører det eit inntektstap, men også lågare drift- og vedlikehaldskostnader. Fylkeskommunen må som vegeigar påkosta utbetring av vegen etter tekniske krav og retningsliner i NA-rundskriv 97/13<sup>1</sup> før overføring til ny eigar.

### Grensedraging mellom kommunal veg og fylkesveg

Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985, med følgjande hovudpunkt:

a) Storbyar/byar (over 5000 innbyggjarar)

Grensa mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og åtkomstvegar slik desse er definert i vegnormalane.

b) Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)

Fylkesvegar i tettstadar opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betyding.

c) Spreittbygde - / grisgrendte områder

<sup>1</sup> NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Ein fylkesveg skal ha eit befolkningsunderlag på minst 50 personar. Fylkesvegen skal førast fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

For den aktuelle saka er punkt b) og c) aktuelle for vurdering av fylkesvegane sin funksjon. Statens vegvesen meiner dei aktuelle vegstrekningane ikkje har ein regional funksjon, og at omklassifisering kan gjennomførast om fylkeskommunen ser seg tent med dette.

### Kort om vegstrekningane

Etter at regionreforma for riksvegnettet trådte i kraft 1. januar 2010 har hovudtransportåra Fv561 mellom Beinastaden (Fjell) og Skjold/Sture (Øygarden) vore fylkesveg. Vegen, som bind kommunen saman med nabokommunen Fjell og koplar seg på Rv555 til Bergen, er del av det overordna fylkesvegnettet. Fv225, Fv226 og Fv227 er avstikkarar frå Fv561 og koplar bustad- og mindre tettstadsområde og grender til kvarandre og til hovudvegen. Fv225 er til dels ein parallellveg til Fv561. Dei aktuelle fylkesvegstrekningane er kategoriserte som *øvrig fylkesveg*.

### Grunngjeving frå kommunen

Vedtaket i formannskapet i Øygarden kommune går mot rådmannen si innstilling. Utval for drift og samfunnsutvikling, som har innstilt til formannskapet, kjem med følgjande grunngjeving for kvifor dei ønskjer å overta fylkesvegane:

*«Øygarden kommune har i dei siste tiåra kosta arbeid med utarbeiding av reguleringsplanar. Utbetring av kjørebane for dei omtalte fylkesvegane, samt fortau og veglys. Kommunen har betalt fleire titals millionar for dette arbeidet. Vegane går i stor grad over til kommunale vegar ved enden av den fylkeskommunale. Arbeidet har betra trafikktryggleiken vesentleg for mjuke trafikantar på desse vegane. Hordaland fylkeskommune (HFK) / Statens vegvesen (SVV) har i liten grad delteke i finansieringa av utbetringane.»*

Utvalet omtalar vidare tiltak kommunen har gjennomført på dei aktuelle fylkesvegstrekningane, og planar om utvikling i dei aktuelle områda. Dei konkluderer med at fylkesvegane har ei viktig rolle i ei heilskapleg kommunal planlegging, og at det er *«trong for raske avgjerder til utbyggjarar som søker avkjørsler på desse fylkesvegstrekningane»*.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Inndelinga i *overordna* og *øvrig fylkesveg* gir eit grunnlag for prioritering av standardutbetring, vedlikehald og planlegging på fylkesvegnettet. Med nær 3000 km fylkesveg, eit forfall sist kostnadsrekna til 7,3 mrd. kroner<sup>2</sup> og avgrensa ressursar, er fylkeskommunen heilt nøydd til å gjera tydelege prioriteringar. Når ein som kommune sit med *øvrig fylkesveg*, stiller ein i utgangspunktet eit stykke bak i køen. I fleire slike tilfelle har kommunar sjølve gått inn med midlar for å få utført tiltak med høg prioritet lokalt.

Denne saka illustrerer eit gap mellom lokale behov og ønske, og kva me klarar å levera som vegeigar. Dette er heilt naturleg, all den tid det samla behovet på fylkesveg langt overskrider dei økonomiske rammene. Saka syner også at vegar som er mindre viktige ut frå regional funksjon, kan vera viktige lokale vegar. Som fylkesveg er det naturleg at dei har fått merkelappen *øvrig fylkesveg*. Under eit eventuelt kommunalt eigarskap vil dei vera sentrale lokalvegar i viktige utviklingsområde i kommunen.

Fylkeskommunen bør, i kraft av si rolle som samfunnsutviklar og regional styresmakt, ha hand om vegnett av regional betydning som ikkje inngår i riksvegnettet. Når ein fylkesveg ikkje innehar ein slik funksjon, bør ein kunne starta opp arbeid med sak om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg etter kommunalt initiativ, med mindre særskilte tilhøve tilseier anna. Dei aktuelle fylkesvegstrekningane har ikkje ein openberr regional funksjon, slik Fv561 har.

<sup>2</sup> Tala er frå 2016. Ein reknar med at forfallet har auka sidan den gang, då løyvingane til fylkesveg har vore lågare enn kva berekningar syner dei må vera for å halda «status quo».

Sjølv om ei omklassifisering her vil kunne skje etter ønske frå kommunen, meiner fylkesrådmannen at veglova §7 må ligga til grunn for handsaminga, og at fylkeskommunen såleis vil vera forplikta til å setta vegen i stand før eit skifte av eigarskap kan finna stad. Kostnadane for utbetring vil først koma fram når arbeidet med ei omklassifiseringssak er sett i gang, og synfaring med kommunen er gjennomført. Erfaringar frå andre omklassifiseringssaker er at kostnadane stort sett er relativt små.

Fylkesrådmannen er positiv til at det vert starta opp arbeid med ei slik sak, med sikte på overføring av eigarskapet av Fv225, Fv226 og Fv227 til Øygarden kommune.